

# Kyrkjelydsblad for Afra

NR 8

NOVEMBER 1983

16. ÅRG.

VEGEN, SANNINGA OG LIVET



*Lat ikkje hjarta dykkar uroast!  
Tru på Gud, og tru på meg!  
I huset åt Fra min er det mange  
rom. Var det ikkje så, hadde eg  
sagt dykk det. For eg går bort og  
vil stella til ein stad åt dykk. Og  
når eg har gått bort og stelt til ein  
stad åt dykk, kjem eg att og tek  
dykk til meg, så de skal vera der  
eg er. Og dit eg går, veit de vegen.  
Tomas seier til Han: «Herre, vi  
veit ikkje kvar du går av: korleis  
kan vi då vita vegen?» Jesus sei-  
er: «Eg er vegen, sanninga og li-  
vet. Ingen kjem til Faderen utan  
gjennom meg.» Joh. 14.1-6.*

Framhald s. 5

MARTIN  
LUTHER  
1483 - 1983



Doctor Martin Luther 1520

Til side 2

KYRKJELYDSBLADET PÅ KASETT  
FOR BLINDE OG SVAKSYNTE.  
SJÅ SIDE 8.

Frå s. 1:

Det må vere noko ekstra med eit menneske som blir feira over heile verda som 500-årsjubilant. Martin Luther er eit slikt uvanleg menneske. Han skapte historie. Han sette spor som er friske framleis, 500 år etter at han vart fødd.

Har Luther noko å seie for vanlege menneske anno 1983?

To arvestykke er det naturleg å tenkje på.

Det eine kan vi kalle «folkekyrkja». Det store fleirtalet i landet vårt hører heime i ei kyrkje som er prega av Luther og verket hans.

Det andre er det gammaldagse omgrepene «barnelærdomen». Nett no, når vi står under eit stendig press av påverkingar av ymse slag, kan det vere ein særleg grunn til å verdsetje Luthers forlæoppsedande verk, med katekisma i sentrum. Katekisma har påverka moralske og reliøse haldningane i folket meir enn noko anna.

I høve Luthers 500-årsdag 10. november har biskopane sendt ei helsing til kyrkjelydane. «Vi ynskjer ikkje å herleggjere menneskeverk, men takke Gud for det han har gjeve kyrkja si gjennom Martin Luther, skriv biskopane. Og dei nemner nok av det som prega livsgjerninga hans, fordi det er aktuelt i notida og.

**Tryggleik i trua** fann Luther. Han var tyngd av angst for Guds dom, og så fann han kvile i trua på Guds nåde i Jesus Kristus.

Vår tid har bruk for Luthers innslikt, seier biskopane. Den meiningsløysa som mange opplever i dag, kan bli overvunne når trua på Kristus kan fylle menneskehjarta.

**Trua frigjer oss til gode gjernin-**

gar, er noko anna som Luther lærte oss. Vi skal ikkje berre passivt ta imot rettferdiggjeringa. Trua sender oss ut for å gjere rettferd. Vi skal handle etter Guds vilje og setje i verk den planen han har for vårt eige liv og for verda. Difor er det i kvardagen, og ikkje utanfor kvardagen, vi skal tene Gud.

**Guds ord står fast.** Ei kyrkje som vil vera tru mot Herren sin, Jesus Kristus, må halde Ordet høgt og bære fram evangeliet klårt og reint. Ho må likeins forkynne Guds lov inn i samfunnsliv og politikk, seier biskopane og minner om Luthers eksempel.

Luther var ikkje fullkommen, og det skal vi ikkje vere blinde for, jamvel på ein 500-årsdag. Det synet han hadde på jødane og på sosiale og samfunnsmessige tilhøve var etter notidsmeining uforstått på mange vis. Men det positive skyggjer over misoppfatningar og feil. Den uredde trua, den folkelege og livnære forkynninga og den teologiske skaperkrafta han hadde, har sett verdfulle spor i historia.

**For kristendom i heile verda** har Luther hatt mykje å seie. Det ser ein klårare i dag enn nokon gong. Verket hans førte til kløyving, men det han søkte, var i røynda einskap på trua si grunn. Tida var ikkje mogen for ein slik einskap. I dag vedgår andre kyrkjesamfunn at Luthers verk har eit felleskyrkjeleg verd. Vi kan difor legge frimod i bøna om at Gud vil sameine dei kristne i verda som no er spreidde, seier biskopane i helsinga til kyrkjelydane.

Tysdag 1. november:  
«Berre eitt evangelium»  
(kap. 1)

Tysdag 8. november:  
«Krossfest med Kristus» (kap.  
2)


Tysdag 15. november:  
«Lov og evangelium» (kap. 3)

Tysdag 22. november:  
«Til fridom har Kristus frigjort  
oss» (kap. 5)

Bibeltimane er ved Harald Sundsbø og Øyvind Øy.


Alle samværa tar til kl. 20.00.  
Hugs å ta med Bibel eller Nytestamente!

Det vert høve til å ta opp og drøfta spørsmål i samband med bibeltimane.  
**DU er velkommen!**



ARNA  
KYRKJELYDS-  
SKULE

## Bibeltimar i Arna kyrkje Hovedtankar i Galatarbrevet



# LUTHER JUBILEUM Søndag 13. november

**Arna kyrkje kl. 19.00  
Luther i ord og tonar**

Medverkande:  
Arna kyrkjekor  
Organist Vidar Vikøren  
Organist Kristen Øgaard (Cembalo)

Orientering om Luther og salmane hans.

Vi syng Luther-salmar.

Kollekt til dekking av utgifter.

**Arr: Arna kyrkjekor og  
kyrkjelydsskulen**

**Ytre Arna kl. 18.00  
Kyrkjelydshuset  
«I Luthers forspor»**

Kåseri og lysbilete ved journalist Rolf Tofte. Han har nyleg vore på repotasjereise i samband med Lutheråret.

Kyrkjelydsfest med bevertning.

Avsluttande samling i kyrkja med Luthersalmar.

Alle er velkomne.

**Arr. Ytre Arna sokneråd**

# God - bedre - best

## En historie om epler og mennesker

— Hans, stikk ned i kjelleren og finn tre epler til meg. Det var mor som spurte. Hun skulle lage eplekake til kaffen. Hans sprang ned i kjelleren og fant eplene de hadde lagret der. Men han hadde nok vært for rask. Det så han da han gav eplene til mor. Bare ett var godt nok til kaken.

Enda en gang gikk Hans ned i kjelleren for å finne epler. Denne gangen brukte han god tid. Han fant først ett eple som var bedre enn det gode eplet mor hadde fått og så enda ett som var best av alle. Så fant han et halvråttent. Det var verre enn de dårlige eplene han hadde funnet først, men ett eple var helt råttent.

Hans tok alle eplene med opp på kjøkkenet. Der la han dem ut på benken etter hverandre. Først det Gode eplet, så det som var Bedre og så det Beste. På den andre siden la han det Dårlige eplet, så det som var Verre og til slutt det Verste.

— Det er rart mor. Jeg har alltid trodd at epler var enten gode eller dårlige, akkurat som det er gode og dårlige mennesker.

— Jeg har aldri tenkt på at vi kan sammenlikne epler og mennes-

sker, lo mor. — Men hvis vi nå gjør det, så finnes det nok alle slags sorter både av epler og mennesker.

— Er det bare de Bedre og de Beste menneskene som kommer i himmelen, eller kan de Gode også komme inn?, spurte Hans.

— Gud slipper nok ikke noe menneske inn der fordi de er Gode, Bedre eller Best.


Hans kikket forundret på mor, og hun fortsatte: — Se på disse eplene. Kan du finne det perfekte eplet?

Hans studerte eplene nøyde. Dårlig - Verre - Verst-eplene var greie. Ingen av dem var perfekte. Men Gode - Bedre - Best-eplene hadde også noen flekker i skallet når han kikket nøyere etter. I virkeligheten var ingen av eplene helt fullkomne.

— Når Gud ser på menneskene, finner han heller ingen perfekte, sa mor. — Hverken Dårlig - Verre - Verst-menneskene eller God - Bedre - Best-menneskene kan komme til himmelen av seg selv. Jesus er den eneste veien dit.

— Var det derfor Jesus døde for oss? spurte Hans.

Mor nikket: — Ja, derfor er det at alle trenger en frelser, sa hun.



**Hvem kan hjelpe deg å komme til himmelen? Hva heter den eneste veien dit? Begynn med eplet som er merket med stripe skall og følg tråden, så finner du svaret.**

Dessle orda er noko av Jesus sin avskilstale til læresveinane sine. Han hadde omsorg for dei heile tida, heilt til slutt. Han ville dei skulle vera kjende med at dei skulle få vera saman med han i all æve. Dei forstod sikkert ikkje desse orda av Jesus den gongen, men likevel fekk dei høyra dette, for det skulle verta til hjelp og trøyst for dei seinare.

I dag skal me få lov å ta imot dette avsnittet i Johannes 14. Ikkje slik at me heller alltid forstår så godt Guds tale til oss, men me skal få ta imot i tru og kjenna Guds omsorg for oss og for alle dei som vil ta imot Jesus Frelsaren. Han er veien til Guds omsorg og kjærleik til oss.


Så er det godt når me no i november på ein særleg måte kjem i hug dei som er gått bort, og som fekk ta imot desse redningsordna av Jesus. Ingen er gløymd av

han. «Alle dei som tok imot han, gav han rett til å verta Guds barn, dei som trur på namnet hans.» Joh. 1.12.

Det å vera eit Guds barn er eit stort under, Jesus steller til ein verestad for den som er hans. Tenk at det som læresveinane fekk høyra for snart 2000 år sidan er gyldig for oss i dag. Me veit at menneskje sine meininger om mangt og mykje forandrar seg gjennom tidene og deira tru og forvisning skifter. Men hjå Gud er det ingen omskifte. Hans tale til menneskje vert aldri revidert. Jesus Kristus er igår og i dag den same, ja til æveleg tid. Lat oss takk for hans store nåde og ta hans ord til oss, så vil dei vera oss til hjelp og trøyst i ei vond og vanskeleg verd, og me kan sjå framtida i møte med frimot. Det er Jesus sin vilje for alle menneskje.

Inger Gravdal

## Sundagsskuledagen i Ytre Arna



Her ser me ein del blide barneansikt frå den dagen. Born frå søndagsskulen i Ytre Arna og Haugland gjekk i tog frå torget til kyrkja med ei nylaga fane. Etter gudstenesta der 4-åringane vart presenterte og Yngste Røyster song, var det «kyrkjesaft/kaffi» med bollar i Kyrkje-lydhuset.

Bileta her er henta frå den samlinga. Så mange voksne og born var med at det var trangt om plassen.



mange fykter datamaskinene. Kanskje også de prektige aner nifse prespektiver.

Men vi inviteres til å leve i en annen virkelighet. En virkelighet som det kostet døden på korset å skape. Det leste jeg ikke om i avisens.

Fritt etter Ingebjørg Lindheim i Credo.

## Fortid på rull

Det er ikke så godt å vite hva man skal lagres på til slutt, men lagres skal man. Det er en reell mulighet til stede: Hele fortiden kan registreres på datamaskiner. Ingen mulighet til å rømme fra den.

Når man skal ha et banklån eller söke jobb eller vil gifte seg for tredje gang. Fortiden på boks. Trykk påknappen, og det rulles opp.

Da jeg leste avisen om de svennske datatilstandene, kom jeg faktisk til å tenke på helt andre forhold. Jeg har også lest et annet sted om registrering. Gud har registrert alle mine dager og tellet alle mine hodehår. I en av salmene står det faktisk også at han har registrert alle mine tårer.

Knapt er der våre tårer datamaskinenen kommer til å registrere. Ei heller våre hodehår. Derimot er det høyst sannsynlig at de kommer til å registrere våre synder, både små og store.

Gud derimot inviterer oss til å få våre synder grundig behandlet. Han vil stryke dem ut, kaste dem i glemselets hav, ta dem bort - for bare å bruke noen få av Bibelens uttrykk for å beskrive Guds forhold til vår synd.

Når Gud tilgir synden, så er den borte. Kanskje jeg registrerer den og husker den. Kanskje den ikke så fort strykes ut av mine indre ruller. Men hos Gud er den borte. Gud fraskriver seg faktisk retten til å ha oversikt over min fortid. Er jeg tilgitt av ham, er jeg ren og har et ubeskrevet rulleblad. Jeg er uskyldig.

Det er vondt å bære fortiden med seg. Vondt å måtte møte igjen sine tidligere synder - også de som var gjort opp og sonet. Ikke rart

## Hva har vi gjort i DAG

*Vi skal gjøre så mangt - i det kommende år,*

*men hva har vi gjort i dag?*

*Vi skal gi en gave, som riktig forslår,*

*men hva har vi gitt i dag?*

*Vi skal plante et håp, der bekymringen gror,*

*så den gråtende ler, og den tvilende tror,*

*men hva har vi gjort i dag?*

*Vi skal være så inderlig gode - en gang,*

*men hva har vi gjort i dag?*

*Vi skal bringe de triste et smil og en sang,*

*men hva har vi brakt i dag?*

*Vi skal tre i de spor, som de største har trådt,*

*vi skal mette hver hungrende sjel med godt,*

*men hvem har vi mettet i dag?*

*Vi skal høste de skjønneste gleder - snart,*

*men hva har vi sådd i dag?*

*Vi skal bygge, så tind og sky går i ett,*

*men hva har vi bygd i dag?*

*Det er lislig å sveve - hvor drømmene bor,*

*men hverdagens plikter er nå - er her!*

*Det spørsmål alene er umaken verd:*

*Hva har du gjort i dag?*

Etter Giovanni

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

- 1/ 9: André Holmefjord, Silje Rogne, Daniel Malcherrek, døypt i Mariakirken.  
2/10: Ann-Therese Thunestvedt, Janne Kristin Dimmen Thunes, Sølvi Mæstad, Erik Jærgren.  
9/10: Christian Salhus, døypt i Mariakirken.

### Ytre Arna sokn:

- 25/ 9: Anne Gurine Åsheim, Janne Reidun Skaar Henriksen.  
2/10: Ørjan Reigstad, Monica Hatlen, døypt i Arna kyrkje.

## VIGDE:

### Arna sokn:

- 17/9: Jarle Sørås og Anne Britt Strømme.

### Ytre Arna sokn:

- 10/ 9: Arne Brurås og Hildur Myhr, vigde i Åsane kyrkje.  
8/10: Atle Johan Valestrand og Gro-Helen Jakobsen, vigde i Åsane kyrkje.

## DØDE:

### Arna sokn:

- 16/9: Hildur Eide, f. 1914.  
22/9: Malmfrid Mostervik, f. 1918.

### Ytre Arna sokn:

- 12/ 9: Jenny Karoline Haugland, f. 1898.  
25/9: Olav Hannisdal, f. 1897.  
1/10: Johanna Rønhovde, f. 1899.

## Kyrkjelydsbladet på kasett

Frå og med dette nummeret vil kyrkjelydsbladet verta lese inn på kasett for blinde og svaksynte.

Vi veit det er fleire blinde i kyrkjelydane, og vil gjerne at dei også skulle kunna få del i det som står i bladet.

Det er ikkje sikkert vi på eiga hand vil kunna finna fram til alle det gjeld. Om nokon veit om blinde eller svaksynte som vil ha det på kasett, er vi glade for om de melder frå om det til eit av kyrkjekontora tif. 24 04 00 eller 24 23 03.

Det vil ikkje verta noko stor utgift for dei det gjeld. Om ein vil betala vanleg abonementspris kr. 25

pr. år, er vi glade for det. Så vonar vi på hjelp frå lesarane til å finna fram til dei det gjeld.

## Ofringane i kyrkjelyden

### ARNA:

- 18/ 9: IKO 1.037,-  
25/ 9: Den Indre sjømannsmisjon 2.140,-  
2/10: Bergen krets av Norges Søndagssk. forb. 2.436,-  
9/10: Kyrkjelydsarbeidet 1.231,-

### YTRE ARNA:

- 25/ 9: Norges kristel. student og skoleung.lag 1.172,-  
2/10: Arna Søndagssk.lag 1.043,-  
9/10: Diakoniutvalet i Arna 483,-

Presten  
har  
ordet



Øyvind Øy

## Kyrkja etter Børre Knutsen-domen

Børre Knutsen-domen ser ikkje ut til å føre til dramatiske aksjoner i kyrkja, men det betyr ikkje at alt er som før. Vi har fått fastslege at § 2 i Grunnlova som seier at Den evangelisk lutherske religion skal vere statens offentlege religion, ikkje betyr noko som verdigrunnlag for staten, t.d. i lovgjeving.

Denne situasjonen gjer at det er grunn til ettertanke. Vi har eit samfunn der folkefleirtalet rår og kyrkja kan ikkje styre staten eller

gjere seg til herre over han. Vi kan berre forkynne Guds ord så sterkt og klart at det også får nedslag i våre lover. Den store vanskene er at ei statsmakt som ikkje kan fylgje Guds ord, skal vere kyrkjestyre.

Til no er det for det meste prestar som har engasjert seg i dette spørsmålet. Men det er nødvendig at også folk i kyrkjelydane er merksame på den situasjonen som er iferd med å utvikle seg. Vi kan ikkje halde på statskyrkja utan å vere budde på at situasjonen lett kan endre seg. Vi må vere klar til å overta heile ansvaret i kyrkja sjølv.

Idag vert det gjort eit grundig arbeid for å auke kyrkja sitt sjølvstyre. Det er eit nødvendig arbeid både for at kyrkja skal få meir å seie under den kyrkjeordning som vi har no, og for at vi kan førebu oss til den dagen då vi skal stå på eigne bein. Dersom dette arbeidet vert ført vidare på ein god måte, kan vi få ei ny kyrkjeordning utan at det vil føre til dramatiske omveltingar.

## MØTE

### Arna bedehus

- 6/11: Basar for Den Norske Sjømannsmisjon kl. 17.00.  
12/11: Ungdomskveld kl. 19.00. Ungdomskoret «Logos» og pastor Reidar Paulsen.

### Betania, Lone

- 3/11: Basar for Det Norske Misjonsselskap.  
8-12/11: Offerveke for Norsk Luthersk Misjonssamband.

### Unneland bedehus:

- 6/11: Familiemøte kl. 16.00. Søndagsskulen og familien Erdal vert med.

### Haugland bedehus:

- 8-13/11: Møteveke for Indremisjonen. Talar Maria Rørbakk.

### Ytre Arna bedehus:

- 22-27/11: Møteveke for Norsk Kristen Muslimmisjon.

# Allehelgensdag talar om håp og siger

Allehelgensdag pyntar vi gravene på kyrkjegarden – ei kjær oppgåve, men for mange og forbundne med sorgminne. Kyrkjegarden seier oss noko om døden.

Det treng ikkje berre vera slik. Ser du deg rundt neste gongen du vitjar kyrkjegarden, kan du leggja merke til kor mykje det er her som fortel at det evige livet er sterkare enn døden. Kristus vann sigeren for oss.

På mest alle kyrkjegardar vil gravene venda ein veg – mot aust. Det er ein gammal kristen tradisjon å gravleggja dei døde så føtene vender denne vegen. Slik får dei og ansiktet vend mot aust der Kristus ein gong skal koma att i skyta.

Dei døde ligg så og seja klår til denne dagen, og retninga på gravene deira vitnar for oss som lever, om oppstoda. Den tanken kjem og fram i eit symbol på mange gravsteinar, ei sol som renn. Kristus er vår sol, og som sola vil han koma att i aust og gi oss det nye livet.





Men det er krossen som er hogge inn på mest alle gravsteinar. For mange er krossen eit symbol på døden, og opphavleg var det slik. På krossen fekk forbrytarane i oldtida si straff – ei stor vanære. Men Kristus vende vanæra til siger og døden til liv. Nakne krossar på kyrkjegardane våre fortel oss at Kristus ikkje vart stoppa der. Krossen er tom. Grava er tom. Jesus stod opp, og han lever. Derfor vil også alle våre graver ein gong verta tome. La dette syngja mot deg neste gongen du ser alle krossane på gravsteinane.

Aks som symbol på gravsteinar viser til Jesu ord om at kveitekornet må falla i jorda for å gi frukt. (Joh. 12.24) Den rike hausten vil alle sjå når Jesus kjem att.

Ankeret symboliserer håpet i den kristne trua. For dei første kristne som vart forfølgd så mykje, var det kristne håpet noko som heldt i livet og døden. Derfor vart ankeret sigersmerket.

Palmegreiner på gravsteinen vitnar om sigeren som ligg framfor. Vi hugsar ordet frå Johannes Openberring 7.9 som den store, kvite flokken i himmelen: «Dei stod framfor kongsstolen og Lammet, kledd i kvite klede og med palmegreiner i hendene. Og dei ropa med høg røyst: «Frelsa kjem frå vår Gud og Lammet».

Alle desse symbola vil ein kunne sjå på kyrkjegarden. Den kristne gravplassen er derfor ikkje berre ein hage der døden rår. Nei, han er livet sin hage, som ventar på oppstoda.



# Helgemessesøndag 6. nov. 1983

Takvam kapell -  
Tunes bedehus

Etter gammal tradisjon vert det også i år gudsteneste i Takvam kapell helgemessesøndag. Etter gudstenesta vert det fest i Tunes bedehus.

I Takvam kapell vil sokneprest Ø. Øyvgjerda altarteneste og stiftskap. I Molde vil preika. Gudsstenesta tar til kl. 16.30.

Tunes bedehus kl. 17.45. Her vert det andakt v/sokneprest Øy. Song og musikk. Kveldsmat. Stiftskap. Molde fortel om Undredal kyrkje i Aurland.

Orientering om arbeidet i kapellet siste året. Helsingar.

Offer til utvidinga av kapellet. Alle er hjarteleg velkomne til gudstenesta og til festen!

«Nemnda for Takvam kapell»

## Basar for sjømannsmisjonen

Det vert basar til inntekt for Sjømannsmisjonen i Arna bedehus søndag 6. november kl. 17.00.

Andakt ved kretssekretær Bjordal. Åresalg o.l.

## Radio-gudsteneste

Søndag 6.11. vert det i NRK sendt gudsteneste frå Arna kyrkje. I forrige nummer av kyrkjelydsbladet meldte vi at det skulle vera direkte overføring. Etter at bladet kom ut, har NRK bede om at det vert gjort opptak av gudsstenesta 30. oktober.

# Fest på kjerka

samla fullt nus i Arna bedehus søndag 9. oktober. Her var vi samla både unge og eldre til fest i riktig Sjømannsmisjons-stil. Vi fekk sjå ein interessant film frå Sjømannsmisjonen sitt arbeid i Japan, og elles helt Trygve Helge Kleppestø andakt og fortalte frå Sjømannsmisjonen.

Med Ketil Kversøy ved pinoet hadde vi ein fin avdeling med allsang, og stemningen var høg da vi hadde «Amerikansk auksjon», der inntekta gjekk til kyrkjelydshuset. Eit par leikar blir leika av nokre ungdomar, og då fekk både små og store fart på seg for å vinna tevlunga.

Ein fin kveld for oss som fekk vera saman på dette kyrkjelydstreffet.

Magi

## Lege i Arna:

Lege  
Frøydis Skjelbred Nilsen,  
Kommunehuset,  
Indre Arna.  
Telefon 24 07 00.  
Kontortid:  
Tirsd., onsd., torsd., fred.


# Kyrkjelyden som Omsorgsfelleskap

Dette var temaet på eit medarbeidarkus i kyrkjelyden på Arna bedhus 23.-24. sept. Det var Kyrkjelydsskulen som arrangerte og forstandar Johan Arnt Wenaas frå Oslo som innleia.

Deltakartalet var rundt 35 og ingen av desse kunne gå frå kurset utan å kjenna seg råka av det som vart sagt.

Wenaas starta med ein time om Kommunikasjon, der han tok fram at kristendom er meir enn ORD. Han sa m.a. at det var vanskeleg for dei andre når vi kristne sa EIN ting med ord, men noko heile ANNA med heile oss. Han tok fram dømer og bileter på dei mange måtar å kommunisera på, (meddela seg på) som var så råkande men samstundes så enkle og rett inn i kvardagen vår, at vi sat berre å undra oss.

Seinare tok han for seg fellessapet i kyrkjelyden. Han delte dette i tre: Eit høyrefellesskap (høyre Guds ord). Eit gjerefellesskap (praktiske oppgåver). Eit værefellesskap (det vi ER). Desse tre burde vera i ballanse, men kanskje det skortar mest på det siste. *Til side 13*



Glimt fra seminaret.

**TO ORD  
TIL DEG**  
GOD IS  
stod det  
med store  
bokstaver over  
den lille  
kiosken til  
han Arve  
på torget  
og vi  
kjøpte is  
hele sommeren  
uten å  
ane at  
skiltet snart  
skulle smelte  
is i  
hjertet på  
en hjemvendt  
norsk amerikaner  
som stanset  
og stod  
der stille  
og leste  
GOD IS  
lenge stod  
han før  
han endelig  
fikk banket  
på døra  
der hjemme  
hos broren  
og sa  
at Gud  
hadde banket  
på døra  
hans nettopp  
og Arve  
skulle bare  
visst at  
både skiltet  
hans og  
navnet hans  
sa noe  
om himmerik  
**G.H.**

Privatlivet - yrke - Kyrkjelydsarbeid, og fordelinga mellom dette, var også ting som var teke fram i ein av timane. Forventingar var eit sentralt ord i denne samanheng. Vi står under forventingar frå a) Andre, b) Oss sjølv og c) Gud. Ofte trur vi at Gud forventar 100 % av oss, men dette er ofte krap vi set til oss sjølv. Gud veit jo nderleg vel korleis vi er skapt (støv), og at vi ikkje strekkjer til. Det som ventes først og fremst er truskap (forvaltere).

Då Wenaas starta på emnet Sjølvkjærleik - Nestekjærleik, venta vi oss kanskje kritikk over mangelen på nestekjærleik. I staden sa han at Gud ville vi skulle stå i eit trefeldig kjærleiksforhold:

- 1) Til Herren din Gud.
  - 2) Til våre medmennesker.
  - 3) Til oss sjølv.
- Sjølvkjærleik er ikkje det same


som egoisme, men m.a. respekt. Gud vil både oss og nesten vår det beste, Gud vil at vi skal ha det godt. Wenaas sa også at den som ikkje er glad i seg sjølv, kan heller ikkje greia å vera glad i nesten sin. Gud sa: Du skal elska nesten din SOM deg sjølv, ikkje MEIR enn deg sjølv. Dette var heilt nye og ufattelige tankar for dei fleste av oss, men samstundes skapte dei ei kjensle av rikdom - glede - frigjering, o.s.v.

Vi fekk også høve til samtale rundt bordene, noko som også var med på å gjera kurset til ei rik oppleving. Wenaas har skreve to bøker der han tek fram mange av desse tinga vi hadde framma på kurset. Den eine er ei pocketbok som heiter «Sjelesorg til hverdags», den andre er eit Credohefte og heiter «Fellesskapet som skaper omsorg.»

## 50-års konfirman-

## tane i Ytre Arna

Søndag 9. oktober var dei som vart konfirmert for 50 år sidan invitert til samling i Ytre Arna. Det var 16 som var konfirmerte i Ytre Arna kyrkje og 3 som budde på Haugland og som vart konfirmerte i Arna. Fleire av dei var no døde og for andre var det vanskeleg å koma den dagen. Men for dei 8 som hadde høve til å vera med, vart det ei fin samling både i kyrkja og i kyrkjelydshuset etterpå.



På biletet ser vi frå v. Marta Haukås, Odny Breistein, Johannes Simonsen, August Ros Ekanger, Anders Ekanger, Øyvind Øy, Kjell Roland, Marta Steinsland og Magnus Johan Strøm.

## Sjukepleiestudentar med praksis i kyrkjelydane

Diakonisshjemmets sjukepleihøgskole i Bergen har lagt opp undervisninga slik at studentane det første halvåret skal ha 14 dagars praksis i ein kyrkjelyd. Dei skal dei få eit inntrykk av det diakonale arbeidet i kyrkjelyden og skriva ei oppgåva om det. Dei skal også ta del i arbeidet med 2 timer i veka frå oktober til desember.

Dei 50 studentane vart spreidde i ulike kyrkjelydar i Bergen, og i Arna hadde vi 2 i kvart sokn. Kontaktpersonar for desse var Aslaug Hanstveit i Ytre Arna og Ragnhild Flein i Arna. Kontakten med dei eldre vart det som naturlig peika seg ut begge stader, og i denne tida har dei gått inn i besøksteneste i kyrkjelydane. Dei har også vore litt med i heimesjukleien. For kyrkjelydane var dette eit fint tiltak, og vi vonar også at studentane fekk med seg litt frå tida her.



Elisabeth Skjelbreid Frantzen og Rønnaug Revheim Holmefjord har praksis i Ytre Arna.



Brita Fykse og Marion Ytre-Arne Kvamme har praksis i Arna.

## Kyrkjelyds- veka 1984

Arna sokneråd planlegg kyrkjelydsveke også komande år. Tida er fastsett til 18. - 25. mars. Det er enno ikkje heilt klart kven som vert talar, men det er fastsett at veka skal ha misjon som tema. Også denne gongen vil det verte eit variert opplegg med mellom anna, husmøte, familiemøte ungdomsmøte og gudsteneste.

Vi nemner dette alt no slik at alle som har planar om tilskipingar i kyrkjelyden, kan ta omsyn til den-

I MIN FORRETNING  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

### Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

### VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

### ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

### ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

### SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-  
de av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# *Velkommen til kyrkje*



- 6/11 Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd.  
Takvam kapell, kl. 16.30: Sokneprest Øy og stiftskap. Ivar Molde.
- 13/11 Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Den norske muhammedanermisjon. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Offer til Luther-senteret i Øst-Tyskland.
- 20/11 Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. 1. klassingar spesielt inviterte. Offer til Norges kristelege student- og skoleungdomslag.  
**Trengereid kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø.
- 27/11 Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
Arna kl. 19. Lysmesse. Ungdomsprest Gunnar Wik.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.  
Ytre Arna Barnekor. 1. klassingar er spesielt inviterte. Offer til kyrkjelydsarb. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 19.** Lysmesse. Ytre Arna Ungdomskor.
- 4/12 Arna kl. 11.00: Døvепrest Asgeir Straume. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Norges kr. ungdomsforbund.  
Unneland kl. 16.30: Sokneprest Øy. Lysmesse.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen  
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856..

Trykt av A/S Fotosentrums, Ytre Arna.

## ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:**  
Tlf. 24 23 03.

**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69

**Kontortid:** Månd. - fredag 10-11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 9: 10. nov.